

Fra: Per Børge Hillestad <presteper@me.com>

Sendt: 31.03.2021 09:58:22

Til: rt@artec.no, Øyvind Tolleshaug <Oyvind.Tolleshaug@fedje.kommune.no>, Jan Torry Jensen Sande <Jan.Torry.Sande@fedje.kommune.no>, Postmottak Fedje <postmottak@fedje.kommune.no>

Kopi: Per E. Hillestad <hillestadper@gmail.com>

Emne: Merknad til høyring - Koppersevja, med frist 2. april 2021

Hei Rune!

Viser til samtale, og takker for godt arbeide med reguleringsplan for Koppersevja til no. Vi tillet oss å koma med ein merknad til siste versjon med høyringsfrist 2. april 2021.

Med eksisterande grunntilhøve vil friferdselsområdet utanfor vårt nausteområde ha ein djupne som er lågare enn ein meter på lavvann. Det er kjent at området, også friferdsleområdet, utanfor vårt naust er grunt. Dette gjer at det ikkje er tilkomst sjøvegen til vårt naust eller nausteområde slik planen no er utforma.

Vi ser fleire moglege løysingar:

a) Om ein flyttar byggegrensa 4 meter lengre ut vil djupne være i overkant av 1 meter. (Jamfør djupnemåling utført av Oddvar Husa og Per Børge Hillestad 18. juni 2020, samt vedlagte skisse.

b) Ein kan i mudringsprosessen endre djupna i friferdselsområdet til minimum 1 meter. Dette vil sikre at friferdselsområdet faktisk vert eit område for fri ferdsele for alle, utan fare for grunnstøyting. Samstundes vil det sikre tilgang til nausta. Alternativt gjev løyve til den einskilde grunneigar å syta for ei djupn på 1 m ved lavvann utanfor byggegrense til eigen grunn for sjøtilkomst for båt.

Beste helsing Kristin Aalgaard Hillestad og Per Børge Hillestad

